

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELEYSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 1 APRIL 2022 80. ÅRGANG



God påske



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øverås Rusken

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye
(Førde og Jølster)

Kyrkjeverje: Inger Hageberg Øvrebø

Ass. kyrkjeverje:

Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson og

Miguel Espinoza Chavez (sluttar 1.4.22)

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os (permisjon)

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle og Leonard Subrescu

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard

Subrescu (Førde og Naustdal) og

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Når bladet går i trykken, har det gått knapt ei veke sidan krigen i Ukraina tok til. Frykt og uhyggje spreier seg. Vil krigen spreie seg? Får vi nye flyktningar til Sunnfjord? Blir straumen og maten dyrare? Når spørsmåla hopar seg opp, treng vi nokon å snakke med. Då høver det godt at fellesskap og livsvisdom er tema i dette nummeret.

Vi har fått plass til to intervju i bladet; med 100-åringen Inge Eiksund i Naustdal, og med 96-år gamle Orlaug Høgset frå Holsen. Dei to har mykje livserfaring å dele, og det gjer godt å lese om lange gode liv. Inge Eiksund seier at det mange eldre har fått for lite av dei siste to åra, er kontakt. Og det gjeld nok ikkje berre dei eldre. Karen Margrete Eikenes Mestad frå Gloppen, heldt talen «Saman» på misjonsmessa i Førde i haust. Ho snakka om kva fellesskap betyr for oss. Vi har fått gjengi talen i Helg og Heim.

Dette nummeret har 20 sider, og det ser det ut til at vi får halde fram med. Takk til alle som betalte bladpengar forrige år, samt trufaste annonsørar, de har gjort at økonomien er god nok til å auke sidetalet. Dette er ei stor lette både for bladstyret og redaksjonen, og vi skal gjere vårt beste for å fylle bladet med godt stoff.

Påska, vår viktigaste høgtid, står for døra. To år på rad har påskegudstenester vore erstatta av påskevandringar utandørs. No ser det ut til at vi kan feire med gudstenester i fellesskap, saman, på dei store og innhaldsrike helgedagane i påska. Palmesøndag blir det igjen fellesgudsteneste i Naustdal kyrkje, Sunnfjordkatedralen.

God påske!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

Hugs bladpengar!

Frivillig bladkontingent

kr. 290,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

Utgjevingsplan 2022

Nr. 2.	Nr. 3.	Nr. 4.	Det kan komme
Stofffrist:	Stofffrist:	Stofffrist:	endringar
Onsdag 06.04.	Onsdag 17.08.	Onsdag 19.10.	
I posten veke 21	I posten veke 38	I posten veke 47	



Framsdebilde: Barnehagebarn på påskevandring til Førde kyrkje 2021. Foto: Hanne Schnitler

Ei bøn om fred i Ukraina

Den norske kyrkja ber saman med kyrkjer i heile verda om fred i Ukraina. Folket i Ukraina ber oss om å be for landet. Mange kyrkjer har no ope for bøn og lystening. Denne bøna er henta frå Bjørgvin bispedøme si heimeside.

– *Heilage, treeinige Gud, du som er kjelda til visdomen, freden og kjærleiken!*

Saman med kyrkjer i heile verda kjem vi til deg og ber: Verna folket i Ukraina!

– *Kom med di trøyst til alle dei som er redde og som er i dei krigs- og konfliktramma områda. La dei erfare din kjærleik og fred, og gjennom det finne mot til gode gjerningar.*

– *Til deg kjem vi med vår uro og ber om fred i Europa og verda.*

– *Gi leiarane i verda visdom, mot og handlekraft til å avslutte krigshandlingane, redde menneskeliv og finne fredelege løysningar.*

Jesus Kristus, du som er lys for verda, kom med din fred! Amen.



Joy Taylor er tilsett som kyrkjeseekretær ved Førde kyrkjekontor og fellesrådet sitt sentralbord.

Nytt om tilsette

Joy Taylor er ny som kyrkjeseekretær ved Førde kyrkjekontor og fellesrådet sitt sentralbord frå 1. februar

Ho har i mange år vore i tilsvarende stilling ved Gaular kyrkjekontor (40%) og Fjaler kyrkjekontor (40%), så ho er erfaren med førefallande kontorarbeid og soknerådsarbeid. Kari Skullerud Holsen vart heiltidspensjonist frå årsskiftet, og Joy er tilsett som hennar etterfølgjar. Ho fekk utvida stilling slik at ho no har 50% i Førde og 40% i Gaular, totalt 90%. Joy er på kontoret i Førde måndagar i partalsveker, alle tysda-

gar og torsdagar. Onsdag og fredag er ho på kyrkjekontoret på Sande, og då er det andre som passsar sentralbordet/ekspedisjonen i Førde. Joy er opprinneleg frå England, er bussett i Dale og startar dagen tidleg heimefrå og reiser med buss til Førde. Ta vel imot Joy som ny medarbeidar, og kom gjerne innom for å helse på!

Inger Hageberg Øvrebo
Kyrkjevevjerje,
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Førde kyrkje: Ombygginga over for no

Tekst: INGER HAGEBERG ØVREBØ

Ombygginga av Førde kyrkje er ferdig, i denne runden. No er handiapttolett på plass, kjøkkenet bak i kyrkjerommet er tatt i bruk til kyrkjekaffi, ny golvlopar er på plass og orgelet som har vore pakka inn i lang tid er i bruk igjen. Ellinor Wergeland har vore leiar av arbeidet. Ho fortel at ein no tar til med planarbeid om oppgradering av toaletta i kjellaren, og å knytte kyrkja til fjernvarmeanlegget i Førde.



Ny golvlopar er på plass i Førde kyrkje. Foto: Ingvar Byrkjeland



Asbjørn Flåm monterer pedalane og testar lyden i orgelet etter at det har stått innpakka i fleire månader. Foto: Hanne Schmitler

Saman – om fellesskap

I november 2021 arrangerte Det norske misjonsselskap (NMS) den årlege misjonsmessa på Førde kyrkje-tun. Temaet for dagen var «Saman», og talar var Karen Margrete Eikenes Mestad, frå Hestenesøyra i Gloppen. Helg og Heim får gjengi talen, i noko forkorta utgåve.

Tekst: KAREN MARGRETE E. MESTAD,
høgskulelektor ved VID vitenskapelege høgskule i Stavanger

Nye vanar

Sjølv om pandemien framleis herjar, er alt opna opp igjen. No når «alt» har opna opp, så merkar eg at eg likevel held litt igjen. Eg nøler med å finne tilbake til fellesskapa eg var ein del av før pandemien.

Eg innrømmer at eg syns det var nokre gode effektar av pandemien. Tempoet vart seinka. Vi fekk tid og ro i heimen. Pulsen vart lågare, og vi kjente ikkje på det same aktivitetssjaget. Ingen handballkampar i helgene. Vi «slapp» å tenkje på at vi skulle på gudsteneste på søndag. Andre periodar tenkte eg at eg ville ikkje ta plassen frå nokon andre. Difor kunne eg heller skru på radioen klokka 11, eller sjå ei gudsteneste seinare på dagen. Ja, eg trur ikkje eg er den einaste som har fått nye vanar.

Kanskje er vi fleire som har behov for å spørje oss sjølv: Kva slags fellesskap er viktig for meg og oss? Kva vil eg prioritere? Kor «aktiv» vil eg vere på ulike arenaer?

Mange tilsette, og andre, i kyrkjelydar rundt om, lurar nok på kva dei langsiktige konsekvensane av pandemien blir. Er folk glade for å komme tilbake til fellesskapa dei var ein del av før pandemien? For mange var ikkje karantene og heimeliv noko stas, det vart einsamt og krevjande. Mange har sakna fellesskapa i kyrkjelyden. Eller er mange som meg, som har fått nye og behagelege vanar?

Saman

I Apostelgjerningane 2, 42-47 står det: «*Dei heldt seg **trufast** til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. Kvar og ein vart gripen av ærefrykt, og mange var dei under og teikn apostlane gjorde.*

*Alle som var komne til tru, heldt **saman** og hadde alt i lag. Dei selde eigedomane sine og anna gods og delte ut til alle etter som kvar trong det.*



Høgskulelektor ved VID vitenskapelege høgskule i Stavanger Karen Margrete Eikenes Mestad.

*Med **eitt sinn** samla dei seg kvar dag på tempelplassen, og i heimane braut dei brodet og åt i lag med ekte og inderleg glede.*

Dei song og lova Gud og var godt lika av alt folket. Og kvar dag la Herren til nye som lét seg frelsa.»

I denne teksten får vi skildra fellesskapet mellom dei første kristne. Eg legg merke til nokre ord som understrekar kor tett fellesskapet var mellom dei. – Dei heldt saman.

Dei hadde alt i lag. Samla seg kvar dag. Med eitt sinn. Heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.

Saman. Kvar dag. Trufast. Alt i lag. Med eitt sinn.

Eg er motstandar av enkle løysingar. Vi kan ikkje seie at fordi dei første kristne levde slik, så skal det vere eit ideal for oss å leve akkurat slik. Dei var i ein heilt annan situasjon enn oss. Likevel kan eg ikkje legge teksten vekk og avfeie den av den grunn.

For sjølv om teksten skildrar eit kristent fellesskap som går lenger enn det eg ser for meg, der dei delte alt dei eigde og trefte kvarandre kvar dag, så har forteljinga viktige påminningar også for oss. Denne teksten utfordrar meg på min eigen plass i fellesskapet. Eg treng å minne meg sjølv på verdien av det kristne fellesskapet; dei små og nære fellesskapa – og dei større fellesskapa.

Små fellesskap

Små fellesskap er verdifulle. Dei gir kjensle av å høyre til, og rom og tid til å kome nærare kvarandre. Det kan vere fint å snakke om livet og trua for eigen del, og det opnar opp å få del i liva til andre. Eg er ikkje åleine. Eg er del av ein samanheng. Livet er meir enn meg og mitt. Andre har óg noko dei ber på og strevar med. Saman kan vi kanskje óg få be for og med kvarandre. Vi treng slike fellesskap der vi kjem tett på kvarandre.

NMS har ein lang tradisjon for småfellesskap. Allereie før NMS vart stifta i 1842 var det fleire kvinneforeiningar i gang. Seinare har det vore tusenvis av foreiningar der først og fremst kvinner, men óg menn, har hatt ein plass der ein har kunna snakke om små og store utfordringar. Dei har hatt ein plass å høyre til – og ikkje minst; Det foreiningane har bidratt til, er å samle menneske om noko ut over seg sjølv. Desse foreiningane har ført til at mange har fått løfta blikket og fått oppleve at dei var med på noko større.

NMS set stor pris på, og er framleis avhengig av dei tradisjonelle misjonsforeiningane. Sjølv om talet minkar, er det framleis mange igjen. No blir vi utfordra til å finne nye måtar å samlast på der fokus ikkje berre er innover – men også utover. Det kan vere ei filmgruppe, ei turgruppe, ei lesegruppe – eller kanskje kan husfellesskapet eller bibelgruppa i kyrkjelyden knytte seg til NMS og på den måten få hjelp og ressursar til å løfte blikket ut over seg sjølv.

Gudstenestefellesskapet – «Føtternas bekjennelse»

Vi treng dei små fellesskapa. Men vi treng óg dei større fellesskapa. Vi treng å minne kvarandre om at det er godt og rett å samlast til brødsbryting, fellesskap, bøn og forkynning – akkurat det same som dei første kristne samla seg om, og som skjer kvar gong vi er samla til gudsteneste. Treng vi no å minne



kvarandre om kvifor vi feirar gudsteneste, og kvifor det fellesskapet er viktig?

Det gjer godt å samlast til gudsteneste. Vere mange saman. På synge salmar, høyre ordet, ta del i nattverden. Men kanskje treng vi no, – når vi har fått nye og behagelege vanar – ein ekstra grunn og motivasjon utanfor oss sjølv. Kanskje er det for snevert å spørje kva eg kan få ut av ei gudsteneste. Det å gå på gudsteneste handlar ikkje berre om kva som er godt for meg. Det handlar om kva som er godt for fellesskapet.

Det gjer noko med oss når vi er mange saman. Vi kan hente styrke og mot frå kvarandre og oppmuntre kvarandre. Derfor betyr det noko om eg deltar i fellesskapet eller ikkje. Det utgjer ein forskjell for andre at vi er der. Det betyr noko for dei som går der fast, men ikkje minst for dei som er innom kyrkja ein sjeldan gong. Kor mykje kjekkar er det ikkje å feire dåp når det er ein kyrkjelyd der som gler seg saman med dåpsfamiliene? Og kor viktig er det ikkje at konfirmantforeldre møter nokon dei kjenner når dei kjem for å sjå og høyre sine håpefulle delta i gudstenesta?

Dette er i tråd med korleis den svenske biskop Fredrik Modéus seier det; Han snakkar om «Føtternas bekjennelse». Bekjennelsen og vitnesbyrdet som ligg i det å bevege seg til kyrkje søndag føremiddag. Vise at dette er noko som betyr noko. Noko eg prioriterer.

Vi legg på den måten ein ekstra dimensjon til gudstenesta. Den er ikkje berre ein plass der vi møter kvarandre og der Gud møter oss. Gudstenesta er óg vår teneste for Gud. Vårt gjensvar på det han har gjort for

oss. Når vi samlast til gudsteneste er det ein måte å takke og lovprise Gud på. Ved å kome til han med det som går bra og det som går på tverke, lar vi Gud vere Gud i liva våre.

Gudstenesta – ei samling som overstig tid og rom

I gudstenesta blir det verdsvide fellesskapet synleg og tydeleg. For gudstenesta er ei samling som overstig tid og rom. Då er vi del av eit verdsvidt fellesskap, ja meir enn det. Vi er del av eit fellesskap som strekker seg ut over tida.

NMS minner oss om at vi er ein del av eit verdsvidt fellesskap. På VID, der eg arbeider, er det no komne fleire gassiske studentar, etter at dei lenge måtte nøye seg med digital undervisning. Studentane skal vere med å utdanne dei 900 prestestudentane i den lutherske kyrkja på Madagaskar. Dette illustrerer at vi er ein del av eit stort fellesskap av menneske som trur og tilber den same Gud, eit fellesskap som strekker seg over heile verda. Dette fellesskapet er vi ein del av, og det er tydeleg når vi feirar gudsteneste.

Samtidig er gudstenesta eit fellesskap som strekker seg ut over tida. Eit fellesskap med dei som har gått framfor oss og strekker seg vidare enn oss som lever her og no. Alterringen, som ikkje er ein slutta sirkel, minner oss om at saman med oss ved nattverdbordet er dei som har gått framfor oss. Ja, i nattverdliturgien seier presten: «Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja.» Så syng vi «Heilag, heilag heilag» – saman med alle dei heilage i himmelen og på jorda. Gudstenestefellesskapet sprenger grenser og overskrid tid og rom.

Tenk om dei hadde visst det, dei første kristne vi høyror om i Apostelgjerningane – at no er det kristne over heile jorda som samlar seg rundt det same som dei samla seg rundt; forkynninga, bønene, fellesskapet, nattverden. Og at vi, når vi feirar gudsteneste, feirar den saman med dei og alle dei andre millionane av menneske som har gått føre oss. Det tenker eg hadde gitt også dei eit litt større perspektiv på det dei heldt på med.



Her er det klart til andakt i tre etasjar.

Ein torsdag på Førde Omsorg

Kvar torsdag kl. 10.30 sit bebuarar ved Førde Omsorgssenter klar med songbok i handa. Dei ventar på besøk frå Førde kyrkje, – for å vere med i kyrkja sitt fellesskap, der dei bur.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Det er klart for andakt. Stolar og lesepult er sett fram, lydanlegg og songbøker er gjort klare, og pianoet blir snudd så kantor Gro kan sjå flest mogleg. Det vil seie, det er ikkje mogleg å

sjå alle, for tilhøyrarane er fordelt på tre etasjar. Men alle kan høre.

– Tidlegare hadde vi desse samlingane nede i kantina, fortel Åse Warvik. Ho er aktivtør og ansvarleg for organisering av arrangement. – Då måtte alle frå 2. og 3. etasje ta heisen ned. Det tok tid og vart trengsel, og i koronatider måtte ein jo halde seg til kohortane sine. Etter ei kort nedstenging fant vi ut at vestibulen kunne nyttast. Den går over tre plan, og her kan bebuarane komme rett ut frå korttidseininga og skjerma eining i tredje og frå langtidseininga i andre. Og i 1.etg. sam-

last dagsenteret for eldre og dei som bur på pensjonistheimen. Alle får godt utsyn over det som skjer.

Snart er prest Carsten Lange-land og kantor Gro Gunnarson på plass. Carsten prest ifører seg sin svarte prestekjole med pipekrage og ønskjer alle velkommen. Han har valt ut nokre songar. Det er ikkje så mange som syng med, men stemma til presten ber godt ut i alle etasjar. Han held ei kort andakt. Det er nok ikkje så lett å følgje med når talen er på dansk. Men kanskje er ikkje orda det viktigaste, men nærværet. Om ikkje

alle får med seg alle orda frå vår danske prest, så får dei med seg «Fadervår». Dei kjente orda kan alle følgje med på.

Etter andakta skal vi slå opp i songboka. Fleire treng hjelp til å finne rett sidetal, og Åse spring fram og tilbake. Men når Gro tar til å spele, treng dei ikkje sjå i boka. «Å leva, det er å elska»; denne salmen av Anders Vassbotn kan dei godt, og syng med på alle vers.

Det kjem eit songynskje; «Eg gikk ein tur på stien». «Koko» – kjem det spontant frå ein annan kant. Det må vel tolkast som eit positivt svar, og når refrenget



Åse Warvik, aktivator og entusiastisk tilretteleggar.



Målfrid Sørebo sit klar med songboka.



Kyrkja er tilstades. Tilsette og frivillige skiftar på å ha andakt og musikk på Førde Omsorgssenter.

Omsorgssenter

kjem, er det «Koko» i alle etasjar. Songar som vi har lært som barn, er ein ressurs vi har med oss heile livet.

Gro reiser seg frå pianokrakken, finn ein mikrofon, og går fram så ho kan sjå alle. Ho syng ei salme til avslutning. Etter velsigninga går dei fleste kvar til sitt, eller blir trilla inn på dei ulike avdelingane. Men Målfrid Sørebo blir sitjande. Ho synest vestibylen er ein fin plass å vere. Ho kjem frå Rivedal, og trivst godt på Førde Omsorgssenter. Eg spør om ho bruker å komme på andaktane. Ja, ho likar å syngje, og likar at det skjer noko. Og så er det så

kjekke folk som kjem frå kyrkja kvar torsdag, fleire kjenner ho godt. Det gode smilet fortel at ho set pris på desse stundene.

Det er tid for å rydde vekk stolar. – Denne gongen var det ikkje nattverd, seier Åse. – Dei gongane må vi gå rundt i dei to

øvste etasjane og dele ut. Dei som er nede får komme opp hit og få brødet og vinen og ta del i nattverdsmåltidet.

Det er tydeleg at alt er gjenomtenkt for å fungere best mogleg. Bebruarar på sjukeheim skal óg ha høve til å kjenne at dei høyrer til i kyrkja og er ein

del av den kristne fellesskapen.

Åse har eit ynskje til slutt: Er det nokon som har tid og lyst til å hjelpe til på nokre av desse torsdagssamlingane?

Då kan dei ta kontakt med diakon Anita Rusken eller diakoniarbeidar Ingvar Vagstad.



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

fosterheim.no

Å høyre til i eit fellesskap

Krig i Europa, pandemi, natur- og klimakrise, straumkrise; – dei fleste kjenner på uro for noko no. Vi treng nokon å snakke med.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Det er noko med å høyre til i ei gruppe. Ein kan dele tankar og stille spørsmål. Eller gjere noko i lag og få til noko i fellesskap. Karen Margrete E. Mestad utdjuvar dette i artikkelen sin her i bladet.

I vårt område har det vore tradisjon for foreningar tilknytt ulike misjonsorganisasjonar. Inge Eiksund, som er intervjuar her i bladet, skriv i boka «Misjonsarbeid i Førdefjordområde» frå 1997, om alle foreiningane som eksisterte i bygdene langs fjorden. Folk kjente behov for å møtast før óg, og fleire av desse foreiningane er framleis aktive.

No, med krig i Europa, pandemi, natur- og klimakrise, kjenner dei fleste på uro. Vi treng nokon å snakke med. Møte nokon som lyttar, treffe kjentfolk, eller få nye vennskap. Ei lita gruppe kan dekke mange behov.



Foto: Førde kyrkjekor på tur i Estland i 2019. Foto Arve Endal

I Førde er fleire grupper tilknytt kyrkja. Nokre er bibelgrupper med faste medlemmer, andre er opne, med ulikt innhald og formål. Diakoni- og miljøutvalet i Førde kyrkje har oversikt over dei fleste gruppene. Fleire grupper vil gjerne ha nye medlemmer, men det kan vere vanskeleg å vere ny i ei etablert gruppe. Det er difor ynskjeleg å få i gang nye grupper, der alle stiller likt. Ein kan gjerne nytte ulike opplegg til hjelp for ei slik gruppe.

Kveldsmesser

Om ein vil vere med i eit mindre, ope fellesskap, er kveldsmessene i Førde kyrkje ein god plass å delta. Der kan ein møte

andre, og ein kan komme når det høver. Med eit enkelt måltid bak i kyrkja, er det lett å bli kjent med andre.

Arbeide i lag

Å vere frivillig i diakonalt arbeid, på Spiren eller på NMS Gjenbruksbutikk er gode stader å bli kjent med nye. Ved å jobbe praktisk, vel ein sjølv kor mykje ein vil involvere seg i andre. Ein er likefullt ein del av fellesskapet.

Syngje i lag

Fellesskap gjennom song appellerer til mange. Førde kyrkjekor er ein triveleg gjeng som tek i mot fleir. Ta kontakt med Kantor Gro Gunnarson om du vil vere med.

I forrige nummer av Helg og Heim skreiv vi om ungdomsmiljøet i Deciding. Ungdomane tek imot nye med opna armar.

Mannsgruppe med misjon og bibel

Gunnar Flatland er leiar for NMS si mannsgruppe. Han fortel:

– Me er omlag 10 mannfolk i skils år og alder som møtest på Førde kyrkjetun ein gong i månaden, i regi av Det norske misjonsselskap (NMS). Me bruker eit studiehefte utarbeidd av NMS med ulike misjonstema som utgangspunkt for samtale. Avslutningsvis går me gjennom komande søndagstekstar frå Bibelen og prøver finna ein raud tråd i bodskapen.

Grappa har eksistert i mange år, fleire har gått bort på desse åra, men nye har kome til. Det er eit ope samtaleklima i gruppa, me lærer av kvarandre og opplever det meningsfullt å møtast. Gjennom åra har me hatt ein fast dagnadsdag på leirstaden Alværa, og me har hatt ymse oppgaver på den årlege misjonsmessa på Førde kyrkjetun.


Om fleire skulle ha interesse av å bli med, trur me om oss sjølve at me er inkluderande nok til å ynskja velkommen til det.

Ta kontakt med Gunnar Flatland, tlf. 91301371.



BELLIS
BLOMSTER

Tlf. 57 82 07 22 | www.bellisblomst.no
ALTI, Førde



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

KFUK-gruppa – open kvinnegruppe

Helg og Heim har besøkt ei av gruppene i Førde; K-gruppa, ei open kvinnegruppe som møtast på Førde kyrkjetun ein torsdag i månaden.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Førde kyrkjetun ein torsdagskveld. Nede i ungdomslokalet held Solveig Haugsvær på å lage til kveldsmat. – Det har ikkje vore mange i haust, seier ho. – Kanskje kjem det 8. Vi finn fram koppar og fat til 12 for å ha god margin. Det kjem 12 damer denne kvelden.

Inger Cesilie Fitje ønskjer oss velkommen der vi sit med meters avstand. Ho er leiar for K-gruppa, KFUK si kvinnegruppe. Gruppa bruker å invitere ein gjest som kan ha eit tema eller ord for kvelden. Denne kvelden er det nyttilsett diakon Anita Øverås Rusken som er gjest. Ho får fortelje om bakgrunnen sin. Ho kjem frå Hyllestad, bur i Bygstad, og kjem frå lærarstilling



Kvinner i K-gruppa et kvelds i lag.

i Gaular, der ho óg har jobba som diakon tidlegare. No ser ho fram til å bidra i det diakonale arbeidet i Førde, og ho vil gjerne komme innom ulike grupper for å bli kjent.

Kvelden går med til mat og prat. Inger Cesilie seier at nett no er kanskje det største behovet vårt å møtast, og å snakke saman utan så mykje program. Men ho vil gjerne ha forslag til tema eller personar som kan formidle noko til gruppa.

Eg blir sitjande sammen med Jorun Hestad som er her for første gong. – Eg visste ikkje kva slags gruppe dette var, så eg sende ein melding for å spørje om eg passa inn, seier ho. Vi snakkar om kva det betyr å vere med i ei gruppe. – Eg er óg med i ei misjonsgruppe, fortel ho. – Der er det dei same som har vært med i mange år. Då er det ikkje lett å komme inn som ny.

Vi er einige i at det kanskje må vere slik i nokre grupper, at ein må kunne vere trygge på

kvarandre for å kunne snakke om personlege ting, om trua og livet. Samtidig er det fint å komme til ei open gruppe som K-gruppa, der ein ikkje treng å forplikte seg, og der ein kan invitere andre med seg.

Anita Rusken får bryte av praten med kveldstankar: «Kva er meninga med livet?» Ho har funne fram tekstar og dikt med gode ord om dei store spørsmåla. Så avsluttar 12 damer kvelden med Herrens bøn i lag.

Vil du vere med, eller vite kva som skjer i K-gruppa? Kontakt Inger Cesilie Fitje, tlf. 908 94 788.

Datoar våren 2022:

31. mars: K-gruppe

5.mai: VÅRFEST i regi av Førde KFUK- KFUM

2. juni: Tur til Svidal Skriveri med mat og litteratur



Gje fleire barn som Alefa reint vatn og ei framtid

For **250 kr**
gjev du eit menneske
varig tilgang til reint vatn

VIPPS til 2426
eller gje til konto 1594 22 87493

fasteaksjonen 2022



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde



FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

Førde Fargehandel %

TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

Lagnad

Inge Eiksund, født 1921, er oppvaksen på Sunnmøre. Under krigen kom han til Naustdal og her vart han verande. Inge har engasjert seg på mange felt og har satt tydelege spor etter seg. Helg og Heim fekk møte han i heimen på Ullaland sist haust. Ei tid etter dette flytta han til Seljetunet.

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL Foto: Privat

Finaste bygda på Søre Sunnmøre

– Eg vaks opp i den finaste bygda på Søre Sunnmøre. Her skal du sjå, seier Inge ivrig og finn fram eit bilete av heimbygda si.

– Her ser du eit sund med skogkledde øyar, der klimaet er så mildt at det t.d. veks kristtorn. Og bakanfor der er ein stor fjord, ti mil lang, som går frå Stadtlandet og like til Geiranger. Og der ser du Liadalsnipa, Inge peikar på ein fjelltopp.

– Det er eit havmerke. Kjem du frå havet, er Liadalsnipa det første du legg merke til. Ja, ja, det var litt skryt, seier Inge og smiler.

Barndomen

– Vi var ein stor syskenflokk, heile 13, fortel Inge.

– Det underlege var at alle fekk vekse opp, for på den tid var det stor spedbarnsdød. Inge skryter av far sin som var flink til å stelle sår og passe på når nokon vart sjuke - og mor som var så god ein pedagog. Det var aldri eit hardt ord, men mykje ros.

– Vi vaks opp alle i hop, alle vart gifte og alle fekk born. Så det er ein stor familie etter mor og far. Inge smiler.

Inge vaks opp på eit småbruk, utan nokon rikdom, men dei levde sunt og hadde det godt.

Song og musikk prega oppveksten i heimen. Med foreldre som begge var songarar og ein far som var dirigent for fleire kor, var det mykje song i heimen. Alle vi borna song og hadde gehør, så både bordvers og song rundt juletreet var fleirstemt.

Søskenflokket har halde saman heile livet. I dag er dei berre to igjen - og Inge har ofte telefonkontakt med søstera Gerd.

Lagnad

– Kva var det som gjorde at du kom til Naustdal?

– Det er ei djuptgripande historie, fortel Inge.

– Eg var i ferd med å utdanne meg til møbelsnekkar. Dette var under krigen. Det vart slutt på lakken vi brukte, og vi fekk tak i noko lakk der eimen var så giftig at den øydela slimhinnene i nase og hals. Legane eg kom i kontakt med sa at eg måtte slutte med ein gong. Då var eg nesten ferdig utdanna møbelsnikkar, men måtte gi opp dette yrket.



- Det virka så tilfeldig alt saman, men eg ser det som ein lagnad. Det var lagnaden som førte meg til Naustdal, seier Inge Eiksund.
- Noko overmaturleg greip inn, det vil seie Gud.

Inge begynte difor på Sunnmøre folkehøgskule i Ulsteinvik. Det tykte han var kjekt, og han hadde planar om å fortsetje på lærarskulen. Men det kom ein sommar som måtte brukast til eit kvart. I 1943 gjekk det slik til at Inge fekk seg sommarjobb på Ullaland i Naustdal der søstrene Maria og Hanna hadde overteke familiegarden. Foreldra var blitt 70 år og dei nye brukarane trong arbeidshjelp.

Planen var å vere der berre over sommaren. Men Inge vart verande enno eit halvt år, og etter kvart fann Inge og Hanna ut at det skulle verte dei to.

Men korleis skulle han klare å bu på Ullaland, i ein trong dal med fjell på alle kantar? Han som kom frå bygda Eiksund der ein kunne sjå nesten heilt til Stadtlandet. Kom han til å greie denne omstillinga? Dette var noko han tenkte mykje på. Lenge gjekk han med planar om i

alle fall å skaffe seg ein båt, men det vart det aldri noko av.

I 1945, i det store jubelåret etter at krigen var slutt, gifte dei seg, og Inge og Hanna vart buande på Ullaland.

– Det var lagnaden som førte meg til Naustdal, seier Inge. Trua mi seier at det var Gud.

– Det virka så tilfeldig alt saman, men eg ser det som ein lagnad, seier Inge.

Når eg ser tilbake på det som var vanskeleg, så ser eg kor fint alt likevel har lagt seg til rette. At det står ei høgare makt bak alt, det er eg overtydd om.

Bonde på Ullaland

I 20 år var Inge bonde på heiltid. I denne tida kom det óg tre born til verda, Annbjørg, Otto og Sollaug.

I fjøsen var det mjølkekyr, sauer, gris og hest. Det var lange dagar og mykje tungt arbeid.

Det meste arbeidet vart gjort med handemakt og bruk av hest. Inge tok til å planere og etter kvart hadde han tre store felt der det gjekk å bruke maskiner. Det førte til at arbeid som tidlegare kunne ta to månader no kunne gjerast på nokre få dagar. Etter kvart tok sonen Otto over ansvaret for garden.

Uventa spørsmål

Etter 20 år som bonde fekk Inge eit uventa spørsmål.

– Kan du tenke deg å bli vkarlærer? Spørsmålet kom frå skuleinspektør Daniel Nordheim. Det var lærarmangel. Inge, som i sin ungdom hadde tenkt på å utdanne seg til lærar, svarte at jau, det kunne han tenke seg. Borna var i ferd med å bli vaksne, ein etter ein for til Sandane for å gå på vidaregåande skule, så litt ekstra inntekt ville kome godt med.

I første omgang var det snakk om eitt år i ein todelt skule i Solheimsdalen. Det eine året vart til sju, dei siste seks åra i Førde kommune.

Ja-menneske

Inge er eit ja-menneske og fekk han spørsmål om noko, sa han ja. I tillegg er han veldig samfunnsinteressert. Dette har ført til mange ulike engasjement. I 20 år sat han i kommunestyret, først to periodar for Venstre og seinare tre periodar for Kristeleg folkeparti. I 10 år var han skulestyreformann, han var flyktningsekretær og leiar i barnevernsnemnda.

I tillegg engasjerte han seg i søndagsskule, barnelag, barnekor, ungdomslag, fråhaldslag og misjonsslag, for å nemne noko.

Det Norske Misjonsselskap.

Etter å ha jobba som lærar i sju år, sa Inge opp jobben. Det var

nok lærarar i området og Inge tykte det var greitt å gje seg.

Då kom det, heilt uventa, eit nytt spørsmål om jobb, denne gong frå Det Norske Misjonsselskap (NMS). Inge fekk tilbod om jobb som distriktssekretær for Sogn og Fjordane. Han kjente godt til Misjonsselskapet sitt arbeid frå frivillig engasjement i fleire år og takka ja.

– Det var ei rik tid, ikkje minst fordi Hanna óg var engasjert. Vi hadde kontor heime og Hanna var telefonvakt. Åtte gonger var vi i lag på generalforsamling. Det var så fint og godt å kunne dele det med Hanna.

Dette var ei stor tid for NMS, med over 300 misjonsforeiningar berre i Sogn og Fjordane. Det vart tilsett fire nye medarbeidarar med distriktssekretær på toppen. Inge fekk og høve til å reise til Madagaskar på ei tre månaders studiereise der han fekk sjå arbeidet på nært hald. Det var ei verdifull, men også slitsam tid i NMS, med 250 reisedøgn i året.

Ny stilling i Naustdal

Arbeidet i lokalkyrkjelyden var noko Inge tidleg vart engasjert i og fekk ansvar for, m.a. som soknerådsleiar. Administrativt arbeid kvilte den tida på leiaren, utan at der fanst kontor med dei mest nødvendige hjelpemidlar, som telefon, skrivemaskin, arkiv mm.

Soknerådet søkte difor kommunestyret om å få ei administrativ stilling. Kommunestyret var velvillige og oppretta ei 100% stilling som kyrkjelydssekretær med kontor på kommunehuset. Dette var ei stilling Inge kunne tenke seg - og det er den einaste stillinga han har søkt på. Tidlegare hadde han følgd oppmodingar om å gå inn i jobbar.

Han fekk stillinga. Noko av

det første han fekk på plass var arkivskåp med hengemapper. Etter kvart fekk dei også data-utstyr.

Det vart 12 år som kyrkjelydssekretær, med allsidige oppgåver. Sjølv kallar han det ei rik tid.

Arbeidet femna om alt: Klokkar ved gudstenester og gravferder, besøksteneste og fast turnus med andakt på sjukeheimen, som Inge fekk i gong.

I samband med gravferd var det mange som kom innom kontoret for å spørje om råd og hjelp, og Inge vart såleis godt kjent med folk i bygda.

Då kyrkjelydshuset kom, vart det etter kvart vanleg med minne-samvær der, og mange trudde det var Inge sin jobb å leie desse samlingane. Han tok så gjerne på seg dette.

Som kyrkjelydssekretær var Inge sekretær for soknerådet, eit arbeid han kjende godt frå tida som folkevald medlem og leiar. I alt har han samarbeidt med 10 prestar i Naustdal.

– Dei har alle vore ulike, og eg har lært dei å kjenne som heilt vanlege menneske, seier Inge.

Hotell gjennomtrekk

Inge trekker fleire gonger fram kor rikt livet har vore og kor stor pris han har sett på alle han har møtt gjennom eit langt liv. I heimen på Ullaland var det stor gjestfriheit. Mange er dei som har fått ei seng å sove i og eit godt måltid. To gjestebøker fulle av helsingar vitnar om det.

Somme kalla for moro skuld heimen for Hotell gjennomtrekk.

Slektsgransking

Som pensjonist har Inge fått tid til si store interesse, nemleg slektsgransking. Han har gran-

ska både si eiga slekt og Hanna si slekt tilbake til 1814. Som pensjonist har han brukt mykje tid på å skrive slektshistorie, lokal- og misjonshistorie. Dette er noko han har hatt stor glede av.

Hanna

Kjærleiken til Hanna skin igjennom når Inge fortel om livet sitt. Hanna, som han møtte i sin ungdom og som han fekk over 73 år saman med.

Dei to siste åra, frå ho var 103 til ho var 105, år budde Hanna på Naustdal Omsorgssenter. Kvar einaste dag, minus ein, var Inge og besøkte henne.

– Hanna var klår til det siste, seier Inge, - og det var så godt og rikt å vere der saman med henne. Berre prate om alminnelige ting eller sitje og vere stille. Eg er så takksam, så takksam for tida vi fekk i lag – til siste dag.

– No er det noko som ligg meg på hjartet, seier Inge engasjert: Eg har kjent på det sjølv - med koronaen som kom. Det er saknet etter kontakt med andre menneske. Eg har mange døme på at det er noko dei gamle saknar.

Heimesjukepleien var ofte på telefonen for å høyre korleis han hadde det. Det han sette mest pris på, var når dei kom innom til ein liten prat om heilt kvardagslege saker.

Sidan plager med rygg og føter etter kvart gjorde det vanskelegare å bu for seg sjølv, fekk han tilbod om plass i omsorgsbustad.

– Eg vil late vel over tilstandane i Naustdal, det må du skrive! På omsorgssenteret er det både trygt og triveleg å vere, og alle som steller her, er omsorgsfulle og gode mot meg, seier Inge.

Vi takkar for samtalen med Inge Eiksund om hans lange og innhaldsrike liv.

Orlaug Høgset, snart 96:

– Eg har hatt eit veldig spennande liv!

Orlaug Høgset er snart 96 år gammal. Ho bur i tredje etasje i omsorgsbustadene i Kyrkjevegen 17, med utsikt rett mot Førde barneskule. Mannen, Leiv, vart sjuk og gjekk bort i 2011. Sidan har ho budd i tilrettelagde husvære i Førde.

Tekst og foto: REIDAR EIDE

Før det var ho, saman med mannen, gardbrukar på Høgset i Holsen der dei i ein ti-årsperiode var familieheim for born som av ymse grunnar måtte flytte frå foreldra inntil ein fann varige løysingar for dei.

Orlaug er framleis ei sær samsfunnsinteressert dame. Ho les mykje og er med når det i tida med mange sosiale restriksjonar, endeleg er ein konsert, eller når Normisjon har tysdagstreff eller møte på bedehuset like ved. Før Koronatida vart det også som regel ein tur i kyrkja søndagane.

Den beste oppslagsboka

– Det er kjekt å vere med andre så mykje eg kan, men eg likar også godt å lese. Eg har nettopp kosa meg med Frank Rossavik sin biografi om Einar Førde: «Stikk i strid». Veldig interessant og lett å lese. Han vågde sanneleg å seie meininga si!

Elles tok eg med meg mykje lesestoff frå garden i Holsen; Gamle postillbøker, gamle årgangar av «Jul i Sunnfjord» og Bibelen, sjølvsgagt. Eg har funne ut at Bibelen er den beste oppslagsboka. Vi kan lære mykje av Jesus si gode haldning til dei som ikkje vart sett på som dei vellukka i samfunnet! Likeins synest eg forteljingane om profetane gjev god lærdom.

Åsnes skifabrikk

Orlaug Høgset med mellomnamnet Åsnes, vart fødd inn i det ho kallar ein storfamilie med mor, far, tre onklar, seks sysken og 15 syskenborn, - av dei elleve gutar og fire jenter. Ho fortel at dei gjekk ut og inn av



Orlaug Høgset saman med mannen, Leiv og dottera, Laila Iren. (Bildet er frå om lag 2008) Privat foto.

heimane til kvarandre som ein stor syskenflokk. Dei dreiv gard på gamlemåten, lenge utan elektrisk kraft, men med evner og tiltak til å livnære seg. Vi kan kanskje med eit moderne ord kalle dei for gründerar. I fjæresteinane på Åsnes starta nemleg far hennar og dei tre brørne hans, Åsnes skifabrikk for akkurat 100 år sidan. Dei fleste av gutane i slekta tok seg relevant utdanning og arbeidde etter kvart på fabrikk, medan jentene reiste ut og fekk seg utdanning eller arbeid andre stader.

Orlaug fekk råd av faren om å ta seg utdanning innan handarbeid og tekstilfaga. Ho gjekk to år på realskolen i Dale før ho i 1947 reiste til Oslo der ho hadde ei syster, for å utdanne seg vidare. Første året arbeidde ho som diskedame på Heimen, husflidutsalet til Bondeungdomslaget. Andre året var ho elev ved «Statens kvinnelige Industriskole», lin- og kjolesaum, før ho i 1949 vende heimover til Åsnes. Dei neste tre åra reiste ho rundt, for det meste i utkantkommunane, og heldt 12-vekers sykurs. Ho opplevde dette som ei svært god

tid. – Dei tok meg så godt imot. Eg budde som eit familiemedlem på eit enkelt rom i heimane og hadde sykursa der, eller oftast i skulehus eller forsamlingshus. Mange band vart knytte som varer enno!

– I denne tida vart eg ein kristen og måtte elles bestemme meg om eg skulle utdanne meg vidare i handarbeid eller begynne på noko nytt. Eg stoppa difor opp og gjekk eit år på Bibelskolen for kanskje å finne ut kvar vegen skulle gå vidare. Etter kvart kjende eg på eit sterkt kall til å arbeide med menneske og vart sikker på at eg skulle utdanne meg til sjukepleiar. Etter tre års utdanning og eit pliktår med sjukepleie og som lærar i sjukepleieutdanninga på Haraldsplass, gjekk reisa til Oslo som student på «Norges Høyere Sykepleierskole» for å bli sjukepleielærar.

- på eit gatehjørne...

I perioden etter lærarutdanninga, møtte ho Leiv som vart mannen hennar. Orlaug vart rektor på «Diakonissehjemmets sykepleierhøgskole», Haraldsplass i Bergen i 1968-69.

Denne perioden varte berre eitt år. Historia bak var at Leiv Høgseth frå Holsen ein dag hadde eit ærend i Bergen. Orlaug og Leiv var litt kjende frå før. – Kort sagt» – seier Orlaug, – vi gjekk forbi kvarandre på eit gatehjørne, brevveksla og bestemte oss for å satse i lag. Diakonissene kunne jo på den tida ikkje gifte seg. Det gjorde vi til jul i 1969, og dermed måtte eg seie opp rektorjobben på Haraldsplass.

«Høgset familieheim»

Så byrja neste kapittel i livet til Orlaug. Dorthea Nordeide, barnevernkonulent med kontor i Leikanger, spurde om dei var interesserte i å vere fosterheim for born som førebels måtte flytte frå foreldra sine inntil det vart varige ordningar for dei. På vårparten i 1970 og om lag ti år framover tok dei mot mange born som fekk ein trygg periode i livet på garden.

Heile tida hadde dei mjølkekyr og sauer. Desse åra hadde ikkje Orlaug arbeid utanfor garden. Dei prøvde å gje borna tryggleik mellom anna ved at dei fekk vere med på dagleglivet på ein, på den tida middels stor vestlandsgard (eller kanskje helst eit småbruk, som ho seier), heile tida i tett samarbeid med foreldre, skule, sosionomar og andre i helsevesenet.

I denne perioden vart ei av jentene, Laila Iren, som kom til Orlaug og Leiv som lite barn, nært knytt til dei, og dei vart hennar rettslege foreldre då ho var i treårsalderen.

Sjukepleieskulen i Førde

Etter ti år med «Høgset familieheim» var tida mogen for nye utfordringar. Sjukepleiarutdanninga i Førde var i støypeskeia. Orlaug vart tilsett som inspektør og lærar på det som då heitte «Sjukepleieskulen i Sogn og Fjordane», som no ligg under «Høgskulen på Vestlandet». Ho var med på tilsetjingar og med på å bygge opp den nye utdanninga. Her hadde ho arbeidet sitt til ho gjekk av med pensjon i 1991.

«Det er veldig å sjå korleis utdanninga har utvikla seg. Eg syns det har skjedd så mykje godt, seier ho. (Sitat, Høgskulen på Vestlandet, Facebook, 2019. Orlaug var då gjest i samband med 30-årsjubileumet for utdanninga).



– Turnusplanane vart til i hovudet mitt medan eg mjølka om kveldane

– Eg synest det var veldig spennande og kjekke år. Eg la til dømes mange av turnusplanane for studentane som skulle ut i praksis. Då vart det mykje og interessant kontakt med praksisfeltet. Det andre praksisfeltet mitt, smiler Orlaug, var jo garden med hesjing og tørrhøy, silotrukking og mjølking. Eg likte godt gardsarbeidet sjølv om Leiv i den første tida vi kjende kvarandre, hadde høyrst at eg ikkje ville bu på gard. Det var no ikkje rett. Eg er oppvaksen med gardsarbeid på Åsneset i Fjaler og har alltid funne roa med arbeid ute og inne. Medan eg mjølka kyrne på Høgseth, om kveldane, laga eg turnusane på skulen oppe i hovudet mitt. Mjølkinga var rett og slett avkopling for meg.

Førde kommunestyre

I tillegg til å vere utarbeidande yrkeskvinn og bondekone, var Orlaug også med i soknerådet i Holsen og vald inn for Krf i Førde kommunestyre i ein periode.


Turar i fjellet

– Det vart nokre år med mykje spennande arbeid og stort ansvar. Då var det godt å få seg turar i fjellet eller på Høgsetstølen saman med gode grannar. Eg tenkjer ofte på gilde stunder for eksempel saman med han Lars og ho Astrid oppe i selet vårt på stølen. Mange verdfulle minne har eg også frå den tradisjonelle stølsgudstenesta kvart år om

sommaren og ei tid også i påska. Friluftslivet har alltid vore viktig for meg. Far vår tok oss tidleg med på fjellturar. Vi kunne ligge ute under open himmel, med einekvistar under oss og godt med klede og kvitlar over oss. Far passa bålet heile natta. Eg trur dette gav meg kveiken til å bli glad i fjellet.

Før eg gifte meg brukte eg alltid halve ferien til turar frå hytte til hytte på til dømes Hardangervidda og i Jotunheimen før eg den andre halvparten hjelpte til i slåtten eller i grønsakåkeren heime på Åsnes. Etter at eg kom til Høgset, var Høgsetstølen gjerne utgangspunkt for kortare og lenger turar i Holsafjella. I den perioden Laila Iren gjekk på skulen, tok vi i fleire år telt, sovepose og primus med oss og reiste på fjellet. Eit år var vi innom alle stølane her i løpet av tre-fire dagar. Dette var viktige turar for oss, - naturglede, avveksling og glede over å vere på tur i lag som familie! Turminna gjev meg glede enno.

Her i husværet mitt i Kyrkjevegen tenkjer eg på at eg har hatt eit veldig spennande og godt liv, - i det daglege på garden saman med Leiv og Laila Iren, og på det eg har valt å ta del i av samfunnsoppgåver elles. Garden er seld til naboar, og jorda, så langt eg veit, godt halden i hevd. Det gjer godt å tenkje på. Born vi hadde hos oss på 70-talet kjem også ofte fram i tankane mine. Fleire av dei har eg hatt kontakt med fram gjenom. Eg har lagt lista mi slik no, at eg i det minste kan tenkje på dei i bønene til Gud.



Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus. Eit tilbod for born i alderen 0–1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal vere ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har gode matar som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe i tillegg.

Kl. 10.30 til 12.30.

Program frå 11.00 – ca. kl. 11.30

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt. Datoar etter kunngjort på kyrkja si heimeside og på face-book.



Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 år: Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi. Siste gang før sommaren er 11. mai på Førde Omsorgsenter.

1, 2 og 3 år: Vrimle-tid i Førde kyrkje

Småbarnsavdelingane i barnehagane i Førde vil få invitasjon til å kome i kyrkja for å vrimle. Dato er 1.juni.

7-10 år: Vakuüm-veke

Aktivetsveke frå 9. -12.august. I år skal vi vere på Førde barneskule. 7-åringar vil få brev med invitasjon. Påmelding.

9-år: Agent for skaparverket

21. mai i Førde kyrkje. 9-årin-

gar vil få brev med invitasjon. Påmelding

13 – 16 år: Work shop

saman med Deciding, Førde Ten Sing. Laurdag 23.april. 13-åringar i Førde vil få brev med invitasjon. Påmelding.

Påmelding til våre arrangement på nettsida: minkirkeside.no/Sunnfjord

KORSKULEN I FØRDE KYRKJE

Korskulen har fire kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

- Knøttekor (ca. 3,5 år til ca. 5 år) - kl. 17.00 – 17.40
- Aspirantkor (ca. 5.5 år – 2. klasse) – kl. 17.50 – 18.40
- Jentekor (3. klasse og oppover) – kl. 18.50 – 19.50
- Ungdomskor (frå 7. klasse og oppover) – kl. 20.00 – 21.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@

sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester: Knøttekoret kr. 150, Aspirant og Jentekoret kr. 200.

DECIDING – Førde Ten Sing

Vi møtes i ungdomslokalet på **Førde Kyrkjetun kvar tysdag kl. 19.00.**

Deciding har medlemmer frå 14 år og oppover. Koret treng både songarar, musikarar og ungdom som er interessert i drama, dans og media. Vi legg opp til leik, moro, turar og konsertar/framføring, der målsetjinga er å skape eit trygt og uformelt ungdomsmiljø, leia av ungdom, men med ein eller fleire vaksne til stades.

Deciding vil gjerne ha fleire medlemmer, så likar du leik og leven, song og musikk, så kom å bli med!

Deciding skal ha konsert i Førde kyrkje 11. juni.

*Grauminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S
OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg Jesus



Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han bruka å skru av lyset før han gjekk og la seg.

- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

AKTUELT I KYRKJELYDANE

10-kaffi

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, **kvar onsdag frå kl. 10.00** i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivillegsentral og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i **Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00**. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!



Kyrkja i byen

Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

«Korleis møte eldre med hukommelsessvikt»

Temakveld leia av Greta Gard Endal og Toril Terum. **Tirsdag 3. mai kl. 18.00** på Førde kyrkjetun, 3. etg. Ope for alle. Enkel seve-ring.



Sykkeldugnad er kjekt!

Sykkeldugnad

Torsdag 21. april frå ca. kl. 17.30 har vi dugnad med vårpuss av sykklar utafor Førde kyrkjetun. Då hjelper vi kvarandre med med vask og småfiksing. Ta gjerne med kost og pussefiller.

Frivillig i Førde kyrkje?

Har du høve til å ta med deg ein passasjer på veg til kyrkja? No skulle det gjerne vore fleire til å halde kyrkjeskysen i gong.

Ta kontakt med

Anita Rusken tlf. 900 68 514, eller Ingvag Vagstad tlf. 911 38 732.

Konfirmasjonsdatoar i 2023

Vevring kyrkje 7. mai.
Naustdal kyrkje 14. mai.



Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp

Fasteaksjonen 2022

**Støtt fasteaksjonen
«Håp i ein dråpe vatn»!**

Dei to siste åra har fasteaksjonen vore digital. Når bladet går i trykktet er det ikkje klart om konfirmantane kan gå frå dør til dør med bøsser på aksjonsdagen 5. april, men dei vil vere engasjert på ulike måtar.

Om du ikkje får besøk av ein konfirmant med bøsse, kan du støtte aksjonen:

- SMS med kodeord VANN til 2426 (kr. 250,- blir trekt frå avsendar)
- Vipps til 2426
- Gje til konto 1594 22 87493

RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340


KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!
Du finn oss på Halbrendssøyra i Førde.

www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa
Førde - Bergen



Velkomen til leir hos KFUK KFUM

Kan leir på Nesholmen leirstad i Hyen freiste, eller kva med surfeleir i vakre Hoddevika? Vi har eit rikt tilbod om leirar i sommar, og håper du melder deg på. Informasjon om alle leirane finn du på ei eiga heimeside. Der er all informasjon og link til påmelding. Vi ser verkeleg fram til å treffe kvarandre på leir hos KFUK KFUM Sogn og Fjordane i år!



Link til heimesida er:
kfuk-kfum.no/leir-nesholmen-2022/start

HELLENES
 AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



Holsen kyrkje, nymåla i 2021. Foto Ellinor Wergeland

Vedlikehald av kyrkjebygg

Holsen kyrkje vart måla sist år. Sist det var gjort, var i 2009.


– I tillegg har vi slipt golvet i sakristiet, og det er blitt eit fantastisk flott golv, fortel Ellinor Wergeland.

– Så er det endelig kome på plass rampe til handicaptolet. Det har nok stått litt for lenge utan god tilkomst, innrømmer ho.

– I tillegg har dei store alme-

trea, framfor porten, blitt skåre ned. Det skjedde i februar, og det vil komme betre fram til våren når lauvet sprett. Også prydepla inne på gravplassen har fått sitt stell før dei vart for viltveksande.

– No i 2022 skal Vevring kyrkje målast. Det er óg bora etter vatn som skal bli ført fram til kyrkja til våren. Det er ei sak som har hatt ei lang historie, og desto meir gledelig når det kjem på plass, fortel Ellinor Wergeland.



Golvet i sakristiet før og etter sliping. Foto Ellinor Wergeland

GUDSTENESTER

Ver merksam på at det kan bli endringar i gudstenestelista.

Følg med i Firda og www.sunnfjordkyrkja.no, eller kontakt kyrkjekontoret.

SØNDAG 3. APRIL

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 18.00 Temagudsteneste –
konfirmantar

LØRDAG 9. APRIL

Førde kyrkje kl. 12.00 Dåpsgudsteneste

PALMESØNDAG 10. APRIL

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.
Fellesgudsteneste for Førde og Naustdal

SKJÆRTORS DAG 14. APRIL

Naustdal kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste.
Fellesgudsteneste med Holsen i påskehøgtida.
Førde kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste med
nattverd

LANGFREDAG 15. APRIL

Vevring kyrkje kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste
Førde kyrkje kl. 19.00 Pasjonsgudsteneste

PÅSKEDAG 17. APRIL

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste
Holsen kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste.
Felles høgtidsgudsteneste med Haukedalen.

Vevring kyrkje kl. 15.00 Høgtidsgudsteneste
Haukedalen kyrkje kl. 19.00 Høgtidsgudsteneste

SØNDAG 24. APRIL

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

TORS DAG 28. APRIL

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 1. MAI

Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 8. MAI

Førde kyrkje kl. 10.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Vevring kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjons-
gudsteneste

LAUR DAG 14. MAI

Førde kyrkje kl. 10.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjons-
gudsteneste

SØNDAG 15. MAI

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste med
nattverd
Holsen kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

TYS DAG 17. MAI

Førde kyrkje kl. 9.45 Gudsteneste
Naustdal kyrkje kl. 10.30 Gudsteneste
Haukedalen kl. 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje kl. 12.15 Gudsteneste
Vevring kyrkje kl. 12.30 Gudsteneste

SØNDAG 22. MAI

Førde kyrkje kl. 10.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjons-
gudsteneste

KRISTI HIMMELFARTSDAG 26. MAI

Førde kyrkje kl. 10.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjons-
gudsteneste

SØNDAG 29. MAI

Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjons-
gudsteneste
Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste



ARKI
ARKITEKTAR

Hafstadgården
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Nettside: arki.no



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no



- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reikvam.no
reikvam.no

Gode tilbud på flis, belegg, stein,
ferdigplen, støttemur, kvit singel.
Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.bruffis.no tlf. 90 61 96 54

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde



DØYPTE

FØRDE KYRKJE

14. NOVEMBER

Ava Kjøsnes Klepaker
Sara Kjøsnes Klepaker
Noah Tamayo Indrebø
Ulrik Hole-Dvergsdal

21. NOVEMBER

Lina Austefjord Hatlestad
Ulrik Bjaanes
Ingrid Fotland
Leander Nervik
Noa Olava Lund-Førde
Sebastian Frøystad Ulltang

28. NOVEMBER

Magnus Heilevang Hafstad
Pernille Voll Norbom
Albert Follevåg Spurkeland

12. DESEMBER

Jakob Hagenes Kalstad
Alfred Stavik

19. DESEMBER

Leon Krogh Frimannslund

28. DESEMBER

Eirik Hove

2. JANUAR

Hedda Holme Karstad
Matheo Slåtten
Ulrik Herstad Opseth
Thea Hanstad Stadheim

6. FEBRUAR

Olivia Kvellestad Bywater
Johanna Hustveit

20. FEBRUAR

Sofia Bruland Fimland
Ada Djupvik Solheim
Kasper Mowatt Fureli
Einar Hope Knapstad

NAUSTDAL KYRKJE

07. NOVEMBER

Aksel Laache Midtvoll

14. NOVEMBER

Sigurd Elias Erdal

25. DESEMBER

Saga Westergren
Evia Frammarsvik

16. JANUAR

Georg Horne Standal

6. FEBRUAR

Olav Furset Helgås

VEVRING KYRKJE

14. NOVEMBER

Thea Vassbotten

13. FEBRUAR

Johannes Helgheim Thingnes
Snorre Helgheim Thingnes

HAUKEDALEN KYRKJE

31. OKTOBER

Magnus Andreas Hettle Gjerland

HOLSEN KYRKJE

14. NOVEMBER

Hanna Egge Dvergsdal

GRAVFERD

NAUSTAL KYRKJE

03.12.2021 Åsta Vallestad f.1934
03.12.2021 Erling Odd Bakkane f.1948
07.01.2022 Aud Sigrunn Røyrvik f.1927
11.01.2022 Knut Åge Fimland f.1966
08.02.2022 Arne Magne Espeland f.1947
15.02.2022 Vibeke Ravnøy f.1970
18.02.2022 Maria Judith Herstad f.1935
24.02.2022 Oddny Horstad f.1962
25.02.2022 Sverre Osa f.1927
01.03.2022 Magnhild Holmeset f.1934

VEVRING KYRKJE

02.11.2021 Solveig Apelseth f.1934

HOLSEN KYRKJE

19.11.2021 Jonny Holsen f.1982
22.12.2021 Ranveig Marie Holsen f.1954
22.02.2022 Marta Oddrun Sæterdal f.1931

FØRDE KYRKJE

09.11.2021 Kristin Roaldstveit Grande f.1978
12.11.2021 Jenny Nordbotten f.1951
19.11.2021 Asbjørn Sollid f.1934
26.11.2021 Anny Olaug Bortne f.1940
01.12.2021 Rannveig Tveit Kirkebø f.1927
09.12.2021 Siv Berit Holme f.1965
17.12.2021 Per Bjarne Ørjansen f.1950
21.12.2021 Kristine Berstad f.1942
30.12.2021 Olav Svalheim f.1932
04.01.2022 Bjørn Helge Solheim f.1962
04.01.2022 Dagny Bruget f.1927
06.01.2022 Sverre Ripe f.1932
14.01.2022 Karl Saue f.1960
21.01.2022 Solveig Skaaheim f.1962
03.02.2022 Tordis Solveig Aud Vindheim f.1932
03.02.2022 Kristine Ullebust f.1936
11.02.2022 Norma Tonheim d.1933
11.02.2022 Bjarne Kjell Magne Lammetun f.1938
17.02.2022 Jarle Grønfur f.1944

Sjukehuskapellet

20.11.2021 Rune Svidal f.1968
25.01.2022 Martha Torp Johansen f.1931

Kapellet, Førde Omsorgssenter

24.02.2021 Alvhild Molnes f.1934


Kyrkjeskyss Førde kyrkje våren 2022

Treng du skyss til gudsteneste søndag klokka 11.00? Då kan du ringje telefonnummera på lista nedanfor. For meir informasjon kontakt kyrkjekontoret måndag-fredag kl. 8 – 15: Tlf. 57 82 81 80. Kyrkjeskyssen er gratis.

6. mars: Ingvild og Harald Eikenes tlf. 99365322/91388644
13. mars: Elin og Gunnar Flatland tlf. 90850245/91301371
20. mars: Per Ingolf Nygård tlf. 91819561
27. mars: Gunnar Johannessen tlf. 91727191
03. april: Ingvild og Harald Eikenes tlf. 99365322/91388644
Palmesøndag 10. april: Elin og Gunnar Flatland tlf. 90850245/91301371
Påskedag 17. april: Per Ingolf Nygård tlf. 91819561
24. april: Gunnar Johannessen tlf. 91727191
1. mai: Ingvild og Harald Eikenes tlf. 99365322/91388644
15. mai: Elin og Gunnar Flatland tlf. 90850245/91301371
29. mai: Per Ingolf Nygård tlf. 91819561

Kan du tenkje deg å stille som sjåfør? Ta kontakt med diakon Anita!

Anita Øvreås Rusken, diakon, Tlf: 900 68 514



Returadresse

Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

60 born ventar – dei treng ein familie no!

Mange born treng fosterheim. I desse dagar er det rundt 60 born i Vestland og Rogaland som ventar på ein heim. No går Bjørgvin bispedøme, Fosterheimstenesta i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftinga CRUX saman om å informere om det store behovet for fosterheimar. Dette ynskjer Bufetat i region vest velkommen.



Hege Gjeitrem Kulsås er fagkonsulent i den diakonale stiftinga CRUX, tidlegare Kirkens sosialtjeneste.

Tekst og foto: CRUX

– Heldigvis er det mange gode fosterheimar i vår region, men vi treng fleir! Eg veit at det er mange gode og omsorgsfulle familiar i fylket, seier Mallin Østerhus, einingsleiar i Fosterheimstenesta i Bufetat region vest.

Ho seier vidare at Bufetat har eit godt samarbeid med nokre private aktørar, mellom anna CRUX, som jobbar med rekruttering og oppfølging av forsterka fosterheimar.

Verdas viktigaste jobb

– Å vera fosterheim er å vera der og stille opp for born som treng det mest. Det er vel ein av dei viktigaste jobbane vi kan ha her i verda? For eit barn som har hatt det vanskeleg, kan det å få oppleva heilt vanlege ting gjera stor skilnad. Ein omtensam og varm familie kan gje rammer og tryggleik, slik at barn kan vera barn. I CRUX jobbar vi med forsterka fosterheimar for dei mest sårbare borna, der ein vaksen får godtgjering tilsvarande

100% jobb. Familiane våre får tett oppfølging og rettleiing, og er i ein fellesskap med andre fosterheimar som gjev støtte og tryggleik, seier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem - Bergen.

– Vi treng ulike heimar, fordi borna har ulike behov, seier Hege. Det finnest også andre typar fosterheimar, mellom anna kommunale fosterheimar som får oppfølging av den kommunale barneverntenesta. Det er difor viktig at familiar som er nysgjerrige, og som vil høyre meir om fosterheimar og kva dette innebér, tar kontakt. Så kan vi saman finne ut om dette er noko for din familie.

Kyrkja ein dørøpnar i rekrutteringsarbeidet

I ein ambassadøravtale med Barne- og familiedirektoratet (Bufdir) har kyrkja forplikta seg til å vera med på ein felles dugnad for å rekruttere fosterheimar. No vil diakonane i Bjørgvin bispedøme samarbeide med Fosterheimstenesta og CRUX om dette, i håp om å kome i

kontakt med familiar som vil høyre meir om dei sårbare borna og kva det vil seie å vere fosterheim.

– Vi er glade for at dette samarbeidet er tatt så godt imot. Diakonane er positive og vil informere om behovet for fosterheimar på sosiale medium og kyrkjelyden si nettside. I tillegg vil dei legge til rette for at CRUX og Fosterheimstenesta i Bufetat kan besøke kyrkjelydane og fortelje kva det innebér å vera fosterheim for born som treng ein ny familie. Dette ser vi frem til, seier Gjeitrem Kulsås.

Nysgjerrig - ta kontakt

– Vil du vite meir, eller berre er nysgjerrig på kva det vil seie å vere fosterheim i CRUX, kan du ta uforpliktande kontakt med oss. Du kan lese meir om vårt arbeid på nettsida stiftelsen.crux.no. Følg gjerne «CRUX hjem» på Instagram og Facebook, avsluttar Hege med eit smil.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com